

Tilskudd ved produksjonssvikt

Tidlegare vart denne ordninga kalla avlingsskade, men har no nytt namn. Omtale av ordninga finn ein på [Landbruksdirektoratet](#).

Hugs på å melda frå til lokalt landbrukskontor om evt. avlingsskade. Eigenandelen er 30 %. Avlingssvikt som er større enn 30 % av gjennomsnittsavlinga, kan erstattast. Avlingssvikt må meldast til kommunen umiddelbart når det oppstår eller søker har mistanke om at det kan oppstå (melding "uten ugrunnet opphold" står det i forskriften). Kommunen vil da ha moglegheit for å ta en befaring.

Søknadsfristen 31. oktober er absolutt. Søk elektronisk via Altinn.

Utvikling



Plomme og pæreinhaustringar er stort sett ferdige i dei fleste fruktdistrikta. Utviklinga har gått fort i den relativt varme hausten. Eplesortane har modna i nesten normal rekkefølge. Dei fleste er no i gang med 'Aroma'. Seinare sortar som 'Elstar', 'Santana', 'Rubinstep' og 'Holsteiner Cox' er ikkje klar for haustring endå. Truleg er 'Elstar' klar i neste veke i dei tidlegaste plassane på austlandet, mens vestlendingane må smørje seg med tolmodighet ei tid til.

Gras og ugras



Når avlinga er hausta ferdig kan ein på ny ta til med ugrasfresing.

Nedfallsepler blir då også raskare nedbrotne i feltet.


Ei runde med ryddesag langs jordekantar før vinteren er også greitt for å unngå frøing av ugras og minke gjøymepllassar for jordrottene.

Hausting

Ha alltid god dialog med varemottakar. Skal avlinga til konsum er krava til epleskurv og insektskadar dei same som for integrert dyrking. Det kan hende det er endringar i kravspesifikasjonane som storleik og farge som variera mellom åra.

Skader på eple før lagring -enkel bestemmingsnøkkel

Arnulf Rein laga for ein del år tilbake eit flott hefte med identifikasjon av skadar frå ulike skadedyr. Heftet er framleis for sal hjå enkelte NLR kontor, men elles finn du ein digital versjon på nettsida. [Skader på epler før lagring | Norsk Landbruksrådgiving \(nlr.no\)](#)



Prikksjuke - kalsiummangel



Om det har vore for lite tilgang på kalsium får ein mangelsjukdommen prikksjuke.

Markert med raud ring i bildet med 'Aroma Fagravoll'. Prikkane kan være synleg på eple under hausting eller bli synleg etter ei tid på lager. Er det mange eple med prikksjuke bør ein auke talet på sprøytingar med vegsalt (kalsiumklorid) neste sesong.

Gul ring er angrep av raud eplebladlus som sug på karten som blir småeple. Desse småepla er ikkje egna til konsum eller pressing.

Frukttrekreft i kjernefrukt

Frukttrekreft er eit stort problem. Det er ofte lettare å sjå no på hausten, sidan grainene ofte visnar i løpet av sommaren. Bruk egna reiskap og fjern såra frå feltet. Ofte vil smitten frå store sår ha infisert lenger ned i treet, slik at det å forsøke å redde eit ungt tre med kraftig sår vil bli ein håplaus kamp. Tre med sår i hovedstamma må ein være særs kritisk til om skal få leve lenger. Felt som er fem år eller yngre bør ein ikkje ha tre med frukttrekreftsår i hovedstamma. Fjern trea og brenn dei utanfor feltet.



Sidegreiner med tydelege sår bør ein klykke godt inn til frisk ved. Frukttrekrenten kan være synleg inni snittflata ganske langt frå der såret er utanpå treet. Skjær tilbake til ein er sikker på at såret er reint for frukttrekrentesmitte.

Forebyggjande sprøyting

Nordox 75 WG er lov å bruke i økologisk. Fordel årsdosen på 400 g/daa i fleire sprøytingar. Første sprøyting på 50 g/daa kan ein ta når feltet er ferdig hausta. Neste runde kan ein auke dosen til 75-100 g/daa når bladfallet startar og siste runde når nesten alt bladverk er av trea. Ikkje alle sesongar er det like enkelt å få sprøyna, så her gjeld det å komme utpå når det er gode køyreforhold.

Jordprøvar

Det er tid for å tenkje på uttak av jordprøvar. Ta kontakt med lokal NLR-eining for hjelp til dette.